


Innkjøpsstrategi

Vaksdal Kommune



VAKSDAL KOMMUNE

Innhold

Innleiing	2
1.0 Regelverk	3
2.0 Grunnleggjande prinsipp	4
2.1 Konkurransen	4
2.2 Likebehandling	5
2.3 Forutberegnelighet og etterprøvarhet	5
2.4 Forholdsmessighet	6
3.0 Hovudmål	6
3.1 Delmål	6
3.1.1 Vaksdal Kommune skal vere tidleg ute og etterleve gjeldande regelverk	6
3.1.2 Vaksdal Kommune skal bidra til marknadsutvikling	6
3.1.3 Vaksdal Kommune skal vere god på kontraktsoppfølging	7
3.1.4 Vaksdal kommune skal vidareutvikle bruk av digitale løysingar	7
3.1.5 Vaksdal kommune skal vise samfunnsansvar i sine anskaffelser	7
4.0 Innkjøpssamarbeid	10
5.0 Digitalisering av anskaffelsesprosessen	10
6.0 Kontraktsoppfølging	11
7.0 Rapportering og kritiske suksessfaktorar	11

Innleiing

Hovudmålet for innkjøpa i Vaksdal kommune, er at gjennom gode innkjøp, skal kommunen sikre

betre tenester, berekraftig utvikling, betre sosiale forhold og økonomisk handlingsrom.

Den største utgifta, etter lønn, er kjøp av varer, tenester og bygg og anlegg. Avtalane som blir inngåtte er viktige både for kommunen, brukarane og leverandørane. Med dette følgjer eit ansvar om å opptre som ein profesjonell innkjøpar og sørge for å få mest mogeleg igjen for midlane. Det er ofte ein direkte samanheng mellom kvaliteten på dei innkjøpa kommunen gjer og kvaliteten på dei tenestene som blir levert. Innkjøpsstrategien er bindande for innkjøpsarbeidet i Vaksdal kommune. Strategien omfattar alle tenester og einingar i kommunen.

Formålet med kommunen sine innkjøp er å skaffe varer og tenester som skal støtte opp under kommunen sine primær oppgåver. Lov (LOA) og Forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) legg premissane for korleis offentlege innkjøp skal gjennomførast.

Som utgangspunkt er kommunen sine anskaffelser fyrst og fremst ein støtte for arbeidsprosessane i kommunen si kjerneverksemd. Anskaffelsene har på lik linje med fleire andre støttefunksjonar ingen direkte verdi i seg sjølv som ei kommunal oppgåve. Leveransane som følgjer av innkjøpa er likevel viktig for at tenesteproduksjonen skal fungere som forutsett. Å gjere gode innkjøp og ha ei god innkjøpsverksemd total sett er derfor av stor strategisk verdi.

Gjennomføring av offentlege anskaffelser har utvikla seg til å bli omfattande og krevjande prosessar med aukande krav til profesjonalitet, der utvikling av kompetanse og meir definerte roller blir stadig viktigare. Å vidareutvikle eit godt og heilskapleg innkjøpsarbeid for heile kommunen er derfor eit viktig bidrag til å møte framtidige interne og eksterne utfordringar.

Ein innkjøpsstrategi er eit viktig reiskap og hjelpemiddel i kommunen sitt arbeid med å ivareta samfunnsansvaret sitt og hjelpe til å løyse viktige samfunnsutfordringar. Anskaffelsesloven inneheld fleire bestemmelsar som pålegg offentlege innkjøparar å ta omsyn til miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold ved gjennomføring av anskaffelsene sine. Strategien gir føringar for alle kommunen sine sektorar og tenester. Innkjøpsstrategien skal bidra til at kommunen gjennomfører formålseffektive og berekraftige innkjøp i tråd med regelverket.

1.0 Regelverk

Lov om offentlege anskaffelser (LOA) seier noko overordna om hovudomsyn og hensikt med regelverket. Formålet med lova er i (LOA § 1) definert som:

«Lova skal fremje effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. Den skal også føre til at det offentlege opptre med integritet, slik at allmennheita har tillit til at offentlege anskaffelser skjer på ein samfunnsnyttig måte.»

Lova sitt verkeområde er i (LOA § 2) definert slik:


«Lova gjeld når oppdragsgivarar som nemnde i anna ledd inngår vare, teneste- eller bygg- og anleggskontraktar, medrekna konsesjonskontraktar, eller gjennomfører plan- og designkonkurransar, med ein vurdert verdi som er lik eller overstig 100 000 kroner ekskl. meirverdiavgift.»

Lov om offentlege anskaffelser (LOA) gjeld for alle anskaffelser over 100 000,- ekskl. meirverdiavgift. Det er 3 forskrifter som ytterlegare regulerer innkjøp. Forskrift om offentlege anskaffelser (FOA) gjeld for alle innkjøp med unnatak av dei som er omhandla i Forskrift om innkjøp i forsyningssektorane (FYF)(dvs. vatn- og energiforsyning, transport og posttenester) og Forskrift om konsesjonskontraktar. I tillegg har vi Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar ved offentlege anskaffelser og

Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar.

2.0 Grunnleggjande prinsipp

Direktoratet for forvaltning og ikt (DIFI) har laga følgjande oversikt:



Det er viktig å ikkje bruke for mykje tid på konkurransegjennomføringa og for liten tid på planleggingsfasen og kontraktsoppfølginga (jf. DIFI). Det er viktig å sjå på tid brukt på innkjøpsprosessen i samanheng med kostnadene (forholdsmessighetsprinsippet).

Anskaffelsesregelverket er basert på visse grunnleggjande prinsipp som Vaksdal kommune må følge ved planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffelser. Dei skal fremje effektiv bruk av samfunnet sine ressursar og hjelpe til at det offentlege opptre med integritet, slik at allmenheten har tillit til at offentlege anskaffelser skjer på ein samfunnsnyttig måte. Sjølv for anskaffelser som ikkje er omfatta av regelverket, bør kommunen opptre i henhold til dei grunnleggjande prinsippa.

Dei grunnleggjande prinsippa er:

- Konkurransen
- Likebehandling
- Forutberegnelighet
- Etterprøvarhet
- Forholdsmessighet

2.1 Konkurransen

Hovudregelen er at konkurranse skal avholdes. Det gjeld alle anskaffelser som er omfatta av lov og forskrift; både over og under terskelverdiane. Over terskelverdiane blir prinsippet ivareteke ved at Vaksdal kommune skal kunngjøre konkurransen. Under terskelverdiane må kommunen sørge for ein

konkurranse mellom eit tilstrekkeleg tal leverandørar. Dette kan gjerast ved at vi innhentar tilbod frå fleire leverandørar eller foretar ein frivillig kunngjering på DOFFIN.

Anskaffelser i Vaksdal Kommune skal gjennomførast i henhold til tabell:

Estimert total verdi	Regelverk
Kjøp med estimert total verdi under 100 000 ekskl. mva.	Ikkje omfatta av regelverket. Kan anskaffes direkte frå éin leverandør, men bør være basert på konkurranse mellom 2 eller fleire aktuelle leverandørar.
Kjøp med estimert totalverdi mellom 100 000 og nasjonal terskelverdi ekskl. mva.	FOA del I. Konkurranse mellom 3 eller fleire aktuelle leverandørar. Evt. frivillig kunngjering på DOFFIN. FYF: del I.
Kjøp med estimert totalverdi over nasjonal terskelverdi ekskl. mva.	FOA del I+ II. Kunngjøres på DOFFIN FYF del I
Kjøp med estimert totalverdi over EØS terskelverdi ekskl. mva.	FOA del I+ III. Kunngjøres på DOFFIN og TED. FYF del I + II. Kunngjøres DOFFIN og TED

2.2 Likebehandling

Likebehandlingsprinsippet er eit av dei aller viktigaste av alle prinsippa. Grunnlaget for ein velfungerande konkurranse om offentlege kontraktar er at alle leverandørar i marknaden vert gjeve like moglegheiter til å delta. Vaksdal kommune har plikt til å behandle alle leverandørar likt under heile konkurransen, medrekna ved utarbeidinga av kunngjering og konkurransegrunnlag, ved kvalifiseringa og utveljing av leverandørar, og ved evaluering av tilboda og tildeling av kontrakt. Dette uavhengig av geografisk tilhøyrse.

Likebehandlingsprinsippet dekkjer også det EØS-rettslege prinsippet om ikkje-diskriminering på grunnlag av nasjonalitet. Vaksdal kommune må såleis påse at norske leverandørar ikkje blir favoriserte på bekostning av utanlandske leverandørar. Likebehandlingsprinsippet er likevel ikkje til hinder for at kommunen unnataksvis kan behandle norske og utanlandske leverandørar forskjellig dersom dette er sakleg og objektivt grunnlagt. Som eit eksempel på dette er krav om at tilbod skal leverast på norsk.

2.3 Forutberegnelighet og etterprøvbarhet

Vaksdal kommune skal gjennomføre konkurransen på ei måte som er forutsigbar for leverandørane, og gjere det mogeleg for leverandørane å vurdere om dei ønskjer å delta i konkurransen, samt kontrollere at konkurransereglane ikkje bryt med likebehandlingsprinsippet. Vidare inneber kravet til forutberegnelighet at kommunen i anskaffelsesprosessen må forholde seg til dei opplysingane som er gitt i kunngjeringa eller i prosessen. Leverandørane skal kunne stole på at den informasjonen kommunen gir, er fullstendig og korrekt.

Dessutan må Vaksdal kommune sikre at vesentlege forhold i konkurransen kan etterprøvast, slik at leverandørane faktisk vert gjeven moglegheit til å kontrollere at kommunen har overhalde anskaffelsesregelverket. Kravet om etterprøvbarhet inneber at Vaksdal kommune må kunne

dokumentere skriftleg kva som har er gjort i anskaffelsesprosessen og kva beslutningar som er tekne. Reglane om protokollplikt og plikt til å gje ei grunngiving for val av leverandør er eit utslag for dette grunnleggjande prinsippet.

2.4 Forholdsmessighet

Dei krava som Vaksdal kommune stiller til leverandørane, må stå i forhold til anskaffelsen. Vaksdal kommune skal ikkje stille strengare krav enn det som er nødvendig for å realisere formålet med anskaffelsen. I praksis vil dette seie at kommunen skal gjennomføre konkurransen på ein måte som står i forhold til innkjøpet sin art, omfang, verdi og kompleksitet. Vurderingsmoment vil kunne vere spesifisering av kva det konkurrerast om, fastsetjing av frister, kor mange leverandørar som blir kontakta og vurdering av leverandørane si egnethet.

3.0 Hovudmål

Vaksdal Kommune skal gjennom gode innkjøp sikre betre tenester, berekraftig utvikling, betre sosiale forhold og økonomisk handlingsrom. For å oppnå dette er det utarbeida delmål som skal hjelpe til med å oppfylle hovudmålet.

3.1 Delmål

3.1.1 Vaksdal Kommune skal vere tidleg ute og etterleve gjeldande regelverk

- Vaksdal kommunen skal førebu ny konkurranse i god tid før den gamle kontrakten går ut
- Vaksdal kommune skal bruke tilgjengelege rettleiarar, malar og verktøy til bruk i innkjøpsprosessane
- Vaksdal kommune skal ha klar ein modell for vurdering av tilboda før konkurransen blir lyst ut
- Vaksdal kommune skal auke kompetanse innan innkjøpsfaget ved å delta på møte med innkjøpsfora og delta på ulike kurs som blir tilbyd. Ved større anbod vert det samarbeid med juridisk miljø
- Vaksdal kommune skal gjere grundige førebuingar før anskaffelsesprosessen starter (kartlegging, behovsvurdering), slik at kommunen ikkje får nokon fellande dom i KOFA (klageorgan for offentlege anskaffelser) og skal ikkje ha ulovlege direkteanskaffelser

Styringsparametre

- Ingen dommar i KOFA
- Innkjøpsfagleg personell som er oppdatert på gjeldande regelverk
- Gjennomførte behovsvurderingar 6 månader før løpande kontraktar går ut

3.1.2 Vaksdal Kommune skal bidra til marknadsutvikling

- Vaksdal kommunen skal vurdere å nytte konkurranse med forhandling i alle konkurransar for å få best mogeleg tilbod frå kommande leverandørar og kunne rydde unna eventuelle misforståingar i tilbodet, før kontrakt vert skreven.
- Kommunen skal oppfordre store leverandørar til å bruke små lokale

underleverandører der det er mogelig.

- Vaksdal Kommune skal i størst mogelig grad nytta standardkontraktar som er kjent i marknaden.
- På kjøp mellom 100 000,- og nasjonal terskelverdi skal det inviterast minimum 3 tilbydarar
- Vaksdal kommune skal tilby leverandørane som ikkje vart valt, ein gjennomgang av evaluering med tanke på læring til seinare konkuransar

Styringsparametre

- Tal på konkurransar som er gjennomført der verdi er mellom 100 000,- og nasjonal terskelverdi, som har meir/mindre enn 3 tilbydarar
- Oversikt over talet på lokale underleverandører som er med i store anbodskonkurransar

3.1.3 Vaksdal Kommune skal vere god på kontraktsoppfølging

- Vaksdal kommune skal ha eit oppstartsmøte i starten av kontraksperioden
- Alle større avtaler bør følgjast opp årleg avhengig av størrelse og kompleksitet
- Vaksdal kommune skal ha ein samleevaluering i slutten av avtaleperioden.
- Vaksdal kommune skal ha gode rutinar for reklamasjon ved forseinking eller mangelfull levering
- Einingane er forplikta til å nytte inngåtte avtalar
- Vaksdal kommune skal nytte seg av e-handelsløysinga i økonomisystemet på alle kontraktar som det er mogelig å gjere dette på

Styringsparameter

- Andel av nye kontraktar med oppstartsmøte gjennomført
- Andel av utgåande kontraktar med sluttevaluering er gjennomført

3.1.4 Vaksdal kommune skal vidareutvikle bruk av digitale løysingar

- Alle konkurransar og all fakturering skal skje elektronisk i samsvar med nasjonale standardar. Alle fakturaer skal vere merka med eininga sin referanse.
- Alle bestillingar skal skje elektronisk der det er naturleg
- Kommunen skal vurdere elektroniske lagerløysingar der det er naturleg
- Kommunen skal arbeida for å digitalisere oppfølging av kontraktane

Styringsparametre

- Tal på innkjøp over 100 000,- som er utlyst og gjennomført digitalt
- Talet på papirfaktura er < 10%
- Talet på elektroniske faktura som har kopling, og som ikkje treng fordeling, er over 60%

3.1.5 Vaksdal kommune skal vise samfunnsansvar i sine anskaffelser

Vaksdal Kommune skal vise samfunnsansvar i anskaffelsene sine ved å stille krav til økonomi-, miljø-, etikk og arbeidsvilkår i alle konkurransar. Vaksdal kommune skal også jobba for å redusere skadeleg

påverknad på miljøet og etterspørje og fremja klimavenlege løysingar. Før innkjøp er det viktig at det vert gjort ei grundig behovsvurdering for å vurdere om det er nødvendig å gjennomføre anskaffelsen. Det skal også jobbes for meir resirkulering, gjenbruk og deling.

Følgjande kriteria skal jobbast for å bli oppfylt i konkurransane:

1. Vaksdal kommune skal vise miljøomsyn i sine anskaffelser
2. Vaksdal kommune skal følgje opp grunnleggjande menneskerettar og andre samfunnsomsyn i sine anskaffelser
3. Vaksdal kommune skal fokusere på lærlingar i sine anskaffelser
 - Vaksdal kommune skal vise miljøomsyn i sine anskaffelser

Vaksdal kommune kjøper varer og tenester, bygg og anlegg for betydelege verdiar årleg. Innkjøpte varer og tenester, bygg og anleggsarbeid fører til direkte og indirekte klimagassutslepp frå kommunen si verksemd. Mange klima- og miljøomsyn kan takast ved å følgje regelverket for offentlege innkjøp, men kommunen kan i tillegg vise eit sterkt fokus på klima og miljø gjennom kravspesifikasjonane sine.

Det fremgår av lova si § 5 fyrste ledd at offentlege oppdragsgivarar skal innrette sin anskaffelsespraksis slik at den hjelper til å redusere skadeleg miljøpåverknad og fremje klimavennelege løysingar der dette er relevant. Plikta til å kjøpe meir miljøvennelege rettår seg mot kommunen sin samla anskaffelsespraksis. Det vil seie at Vaksdal kommune skal vurdere kva anskaffelser som utgjer ei vesentleg miljøbelastning slik at det er relevant å stille miljøkrav, og følgje opp disse anskaffelsene med tanke på miljø.

Følgjande punkt skal vektleggjast i anskaffelsen:

- a. Vaksdal kommune skal leggje vekt på å minimere miljøbelastninga ved innkjøpa sine og kan stille miljøkrav og kriterium i alle trinn av anskaffelsesprosessen der det er relevant og knytt til leveransen. Kva krav og på kva nivå må vurderast for kvar anskaffelse.
- b. Vaksdal kommunen skal så langt det let seg gjere nytte ein minimumsandel av økologiske produkt.
- c. Vaksdal kommune skal hjelpe til det «grøne skiftet» ved å bestrebe prinsipp frå sirkulær økonomi der dette er mogeleg. Dette blir gjort ved å velje løysingar som reduserer råvareforbruk, avfall, utslepp og som reduserer energiforbruk til eit minimum, medrekna også å vurdere om produkt kan verta gjenbrukt utanom det opphavlege formålet sitt. Kommunen skal ta omsyn til livssyklus-kostnader, og på den måten styrkje konkurransekrafta til produkt som har høg kvalitet og lang levetid.
- d. Kvart enkelt verksemd i den kommunale organisasjonen har ansvar for å redusere eige klimafot-avtrykk gjennom innkjøpa sine, dette gjennom redusert forbruk, og gjennom val av miljømerka og/eller økologiske produkt der desse er tilgjengelege.

- Vaksdal kommune skal følgje opp grunnleggjande menneskerettar og andre samfunnsomsyn i sine anskaffelser

Anskaffelsesloven pålegg offentlege oppdragsgivarar å ha eigna krav for å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar ved offentlege innkjøp dersom det er risiko for brot på slike rettar.

FN sin arbeidsorganisasjon er ILO (International Labour Organization). ILO har definert fire område innan arbeidsliv som er særleg viktige. Desse er:

- forbod mot barnarbeid
- forbod mot diskriminering
- forbod mot tvangsarbeid
- retten til å organisere seg og inngå kollektive avtalar.

Dette skal følgjast opp ved:

a. I konkurransedokumenta skal det stillast krav om etterleving av ILO sine kjernekonvensjonar der det er relevant (dvs. der det er ein risiko for brot på slike rettar).

b. Med bakgrunn i Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar skal Vaksdal kommune i tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar stille krav om lønns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande forskrifter om allmenngjorte tariffavtalar eller landsomfattande tariffavtalar for dei aktuelle bransjane, eller det som er vanleg for vedkomande stad og yrke. Forskrifta får anvendelse for kontraktar som overstig den til einkvar tid gjeldande terskelverdi.

- Vaksdal kommune skal fokusere på lærlingar i sine anskaffelser

I bransjar der det er særleg behov for lærlingar pålegg Lov om offentlege anskaffelser oppdragsgivarar å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar. Plikta inntre ved kontraktar med ein anslått verdi over den til ein kvar tid gjeldande terskelverdi og ved ei varigheit over 3 månader.

Det er gitt ei eiga forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar ved offentlege innkjøp, som legg rammene for korleis denne plikta skal overhaldast.

Forskrifta stiller krav til at leverandørar i offentlege kontraktar må vere tilknytte ei lærlingordning og at ein eller fleire lærlingar deltek i arbeidet med å oppfylle kontrakten. Kravet skal stillast i kontrakten med hovudleverandøren, fordi Vaksdal kommune ikkje inngår kontrakt direkte med eventuelle underleverandørar. Hovudleverandøren har derimot fridom til å velje å oppfylle kravet ved hjelp av underleverandørar.

Kravet om bruk av lærlingar gjeld både for norske og utanlandske leverandørar. Dette er for å hindre at plikta til å bruke lærling i leveransen verkar konkurransevridande.

Andre kriterier for at kravet skal stillast er at kravet ikkje er urimeleg i den konkrete kontrakten og at det er særleg behov for læreplassar i den aktuelle bransjen. I vurderinga av om det er eit særleg behov skal det takast utgangspunkt i Utdanningsdirektoratets statistikk over søkjarar til læreplass og inngåtte lærekontraktar. Det er det nasjonale behovet for læreplassar som skal leggjast til grunn, fordi konkurransen om kontrakten vil vere open for leverandørar frå heile landet. Er underdekninga på læreplassar meir enn 10 % av søkjartalet vil det vere eit særleg behov.

Det skal gjennomførast nødvendig kontroll av om krava til bruk av lærlingar blir overhalden. Dette må gjerast som ein del av kontraktsoppfølginga.

Styringsparametre

- Andel av konkurransar der bruk av lærlingar er ivareteke
- Andel kontraktar der miljø er med som kvalifiseringskrav eller tildelingskriterium
- Andel inngåtte avtalar der miljøhensyn og berekraft er ivareteke
- Andel innkjøp der det er gjort ein behovsvurdering i forkant med tanke på gjenbruk og resirkulering

4.0 Innkjøpssamarbeid

Vaksdal Kommune har innkjøpssamarbeid med Bergen Kommune på fleire av dei store områda som påverkar den daglege drifta. Dette gjeld mellom annan kontorrekvisita, reinhaldsprodukt og medisinske forbruksvarer. IKT utstyr blir kjøpt gjennom IKT Nordhordland. Vaksdal kommune sine avdelingar er pålagt å vere lojal til dei avtalar som er inngått av våre samarbeidspartnere. Ved førespurnad om nye avtalar vurdere økonomiavdelinga i Vaksdal Kommune om det er krav om avtale på det aktuelle området og formidlar nye avtalar ut til einingane. Einingane som anskaffer mest innan det aktuelle avtaleområdet blir rådført før eventuell inngåing av ny avtale.

Dersom ikkje avtalar blir inngått og totalt innkjøp er over terskelverdiane, skal eige anbod utarbeidast.

5.0 Digitalisering av anskaffelsesprosessen

Digitalisering av anskaffelsesprosessen vil seie å bruke elektroniske verktøy i planlegginga og gjennomføringa av anskaffing, av ei vare eller teneste. Vaksdal Kommune bruker anerkjent programvare i dette arbeidet og kommunen skal heile tida fornye seg og jobbe for å utvikle dei digitale løysingane på innkjøpsområdet. Innanfor e-handel bruker Vaksdal kommune Visma Enterprise sin e-handels løysning. Vidare skal Vaksdal kommune vidareutvikle bruk av digitale hjelpemidlar og informasjonsflyt ved at:

- Alle konkurransar og all fakturering skal skje elektronisk i samsvar med nasjonale standardar. Alle fakturaer skal vere merka med eininga sin referanse.
- Alle bestillingar skal skje elektronisk der det er mogeleg
- Kommunen skal arbeida for å digitalisere oppfølging av kontraktane
- Kommunen skal ha oppdatert informasjon om innkjøp på nettet
- Kommunen skal ha ei samla oversikt over avtalar. Alle avtalar over kr 100.000,- skal arkiverast i godkjent elektronisk arkiv
- Kommunen skal vere god på å informere sine eigne tilsette, kundar og næringslivet både lokalt og generelt.
- Vaksdal kommune skal samarbeide med andre der det er naturleg
- Kommunen skal delta aktivt i innkjøpssamarbeidet i regionen.

- Kommunen skal vere med på regionale rammeavtalar der det er naturleg

6.0 Kontraktsoppfølging

Kommunen skal følgje opp kontraktar på ein profesjonell og systematisk måte.

Kontraktsoppfølging er alle forhold som oppstår frå kontrakt er signert til kontrakten er avslutta. Dette inneber å kontrollere og sørge for at leverandør oppfyller forpliktingane sine. Kontraktsoppfølging inneber også at kontrakten blir implementert på ein god måte internt i kommunen, slik at kommunen etterlever forpliktingane sine og har ein høg avtalelojalitet.

Det gjeld generelt i alle avtaleforhold at partane har ei lojalitetsplikt. Lojalitetsplikta stiller krav til forsvarleg og lojal framferd gjennom heile avtaleforholdet.

Alle felles rammeavtalar er forpliktande for alle tenestområde i kommunen. Kontraktane beskriver kva slags varer og tenester som skal leverast, kvalitet og spesifikasjonar.

Vaksdal kommune skal vere god på kontraktsoppfølging på eigne inngåtte avtalar ved å følgje følgjande punkt:

- Kommunen skal ha eit oppstartsmøte i starten av kontraktsperioden
- Alle større avtalar bør følgjast opp årleg avhengig av storleik og kompleksitet
- Kommunen skal ha ei samlevaluering i slutten av avtaleperioden.
- Kommunen skal ha gode rutinar for reklamasjon ved forseinking eller mangelfull levering
- Heile organisasjonen er forplikta til å nytte inngåtte avtalar
- Kommunen skal ha gode bestillingsløysingar

7.0 Rapportering og kritiske suksessfaktorar

Innkjøpsstrategien er vedtatt av kommunestyret i Vaksdal kommune, og vert gjort kjent for alle tilsette i organisasjonen gjennom dei digital kanalar kommunen har. Kommunedirektør med si utvida leiargruppe har det overordna ansvaret for at innkjøpsstrategien vert følgt og at innkjøp vert gjort i tråd med denne. Alle tilsette i kommunen har ansvar for å hjelpe til at måla i innkjøpsstrategien vert oppnådd. Kommunedirektøren føl opp innkjøpsstrategien i si årsmelding til kommunestyret og rapporterer på status der.

Kritiske suksessfaktorar for å lykkes med innkjøpsstrategien er:

- Innkjøpsstrategien er forankra frå toppleiarar til tilsette i heile organisasjonen og informasjon og eventuelle endringar i regelverk vert kommunisert ut i heile organisasjonen
- Alle anskaffelser vert gjennomført i tråd med gjeldande regelverk og kontraktar vert etterlevd
- Kvar anskaffelsesprosess vert godt planlagt og sett i verk på eit tidleg tidspunkt etter ein behovskartlegging
- Det må verte lagt til rette for å nytta eksterne ressursar ved behov
- Gjere bruk av digitale anskaffelsesprosessar